



Berge Arthur Eknes
Eknes 41
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1191 - 23/14629

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
22.02.2023

Ber om tilbakemelding på avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr. 238/45 Eknes indre

Alver kommune har den 07.02.2023 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 06.02.2023 vart det registrert lågt nivå, lekkasje i slamavskiljaren. Årsaka til lågt nivå kan vere lekkasje eller lite bruk.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen.

Vi ber difor om ei tilbakemelding om tilhøva knytt til avløpsanlegget på eigedomen din.

Frist for tilbakemelding vert sett til 22.03.2023.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 AS er vedlagt.

Svar sender du til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.

- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/1191.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i septiktank - gbnr 238/45 Eknes indre

Bilde 3

Bilde 4

Mottakarar:

Berge Arthur Eknes

Eknes 41

5993

Ostereidet